

Fra: Marthe Hammer (mchammer@online.no)

Sendt: 05.03.2020 14:27:45

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål SAMMO - servicelinja

Vedlegg:

Hei

Tilbake i 2018 vart servicelinja vedteken lagt ned, under den føresetnaden at ein skulle utgreie framtidig behov og moglege løysingar for denne type transporttenester. Bergen kommune skulle involverast i arbeidet, lenke til saka frå 2018: <https://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=840&sourceDatabase=>.

Spørsmål 1 til samferdsledirektøren:

- Har det vore gjort noko som helst av utgreiing og møte med Bergen kommune sidan saka var oppe til politisk handsaming i 2018?

Hausten foreslo fylkesrådmannen igjen at linja skulle verte nedlagt i budsjettet for 2020, men servicelinja vart vidareført i budsjettet frå fleirtalspartia med følgjande budsjettkommentar:

"Fleirtalspartia vil oppretthalde servicelinja i Bergen, og har lagt inn igjen 1,2 mill til å vidareføre denne i 2020. Fleirtalspartia er likevel samde om at potensialet for servicelinja ikkje fullt ut er nytta og vil at ein i 2020 inviterer Bergen kommune til ein idedugnad/workshop med mål om å komme fram til eit betre tilbod for dei som i dag nyttar servicelinja. Ein kan sjå for seg at servicelinja i Bergen sentrum vert vidareført som eit breiare tilbod retta mot fleire reisande. Det er i dag eit relativt dårleg busstilbod i sentrumskjernen i Bergen, spesielt i område Nordnes og Høyden. Eit forslag er å gjere servicelinja om til ein ringbuss slik at ein kan nå fleire ordinære busspassasjerer og slik få fleire reisande. Ein slik ringbuss kan også sjå til konseptet «travel like the locals», der ein med det ordinære offentlege busstilbudet rettar seg mot turistar. Dagens servicelinje i Bergen sentrum går i dag forbi ei rekke sentrale og attraktive turismål. «Travel like the locals» har vist seg å vere ein suksess i det nye berekraftige reiselivet, og det å tilby det offentlege busstilbudet til turistar i Bergen kan vere ein vinn-vinn situasjon. Ein opprettheld servicelinja, ein får fleire reisande, fleire inntekter og betre busstilbod i sentrumskjerna. For servicelinja i bydelane i Bergen bør ein sjå til konseptet «Hent meg» som kjem frå Sauda, og som vert prøvd ut i Odda."

Spørsmål 2 og 3 til samferdsledirektøren:

- Kva er status for arbeidet opp mot Bergen kommune i forhold til ein idédugnad/workshop om servicelinja? Er det satt dato?

- På kva måte vil politikarane verte involvert i denne workshopen og arbeidet opp mot Bergen kommune?

Marthe Hammer (SV)

Sendt fra min iPad